

Månadsbrev juni 2026

10.-klassingane er ferdige med det meste, og er nå på Rhodos! 1.-4. klasse storkoste seg på besøk hos Anne May, Tarjei og lamma. 17. mai er vel overstått, og kommunen støttar søppelplukkinga vår i år òg. Overnattingsturen til Børsteinen var kjekk, sjølv om det kan vera litt kaldt om våren.

Juni startar med planleggingsdag for lærarane på måndag, medan 8. og 9. klasse startar med temadag ved Håhellervatn på tysdag. Onsdag er det innskriving for neste års førsteklasingar, og det blir nok spanande for dei seks elevane. Onsdag til fredag er det årsprøver for 8. og 9. klasse, høvesvis norsk, matematikk og engelsk.

Det blir opplysning om munnleg eksamen 10. juni og gjennomføring 12. juni for 10. klasse. Lukke til! Tysdag 16. juni markerer me Pride med flagheising og appell. Avslutningsfesten for 10. klasse er onsdag 17. juni, og så er det aktivitetsdag på Tjørhom som vanleg på torsdag. Hugs skuleonsdag for 1.-4. klasse siste skuledag 17. juni!

Det er lurt å halda lesinga ved like, og sommarferien er ei flott tid til å kosa seg med ei bok. 1.-7. klasse kan vera med på [Sommerles](#), ein digital lesekampanje som varar fra 1. juni til 31. august. Her kan du registrera bøkene du les, og når du kjem opp i nivå, kan du henta premie på biblioteket. På filialen på Sinnes er det ope 8. og 22. juni, men ein kan henta premiar på Tonstad bibliotek eller venta med å henta premiane til skulen startar og biblioteket her opnar att.



Kristina er p.t. sjukmeld, så ver grei å ikkje senda meldingar til henne, men gå via rektor om de vil ha kontakt med skulen..



God sommar og ferie til alle!

Sinnes 01.06.26, Åse-Berit Fidjeland